

## Lærerstudentar si profesjonelle utvikling gjennom praksis

### REFERANSE:

Sørensen, Y. & Bjørndal, K. E. W. (2021). Sentrale områder i praksisopplæringen for lærerstudenters profesjonelle utvikling – en systematisk forskningsgjennomgang (2005–2020). *Nordisk tidsskrift for utdanning og praksis*, 15[3], 38–69. DOI: <https://doi.org/10.23865/up.v15.2640>

**Kva må til for at lærerstudentar skal utvikle seg profesjonelt gjennom praksisopplæringa? Denne studien samlar nasjonal og internasjonal forskning på dette feltet. Resultata viser at særleg fem område i praksisopplæringa er sentrale: sosiale og emosjonelle aspekt, praksiserfaringar, teori–praksis-dimensjonen, rettleiing og refleksjon.**

### Bakgrunn

Praksisopplæringa i lærarutdanninga er ein viktig arena for den profesjonelle utviklinga til lærerstudentar. Samstundes viser nyare norsk forskning at kvaliteten på praksisopplæringa i grunnskulelærarutdanningane (GLU) er variabel, og at det på nåverande tidspunkt er uvisst kva lærerstudentane faktisk lærar av og i praksis. Det er difor naudsynt å identifisera område i praksisopplæringa som bidrar til høgare kvalitet på denne delen av lærarutdanningane.

### Føremål

Det systematiske kunnskapsoversynet<sup>1</sup> som blir samanfatta i dette forskingsnotatet, retter merkemda mot praksisopplæring i lærarutdanninga som arena for profesjonell utvikling for lærerstudentar. Målsettinga er å bidra med ny innsikt og kunnskap som kan brukast i kvalitetsutvikling av praksisopplæringa i GLU. Forskingsspørsmålet er: «Hvilke områder i praksisopplæring i lærerutdanningen (trinn 1–10) fremheves som sentrale for lærerstudenters profesjonelle utvikling, i empiriske studier?»

### Inkluderte studiar

Søket etter relevante studiar blei gjort etter følgjande kriterium:

1. Studiane måtte vere empiriske<sup>2</sup>
2. Utvalet måtte i hovudsak bestå av lærerstudentar
3. Konteksten for studien måtte enten vere nasjonal eller internasjonal integrert praksisopplæring i fleirårig lærarutdanning som kvalifiserer for tilsetjing i skulen (trinn 1-10)
4. Studiane måtte undersøke ulike område i praksisopplæringa
5. Studiane måtte undersøke lærerstudentane si profesjonelle utvikling
6. Studiane måtte vere publiserte mellom 2005 og 2020

<sup>1</sup> **Systematisk kunnskapsoppsummering/-oversyn:** Ei systematisk kunnskapsoppsummering tar utgangspunkt i et klart definert forskningsspørsmål eller mål og bruker systematiske og eksplisitte metodar for å identifisere, velje ut og kritisk vurdere relevant forskning, samt for å samle inn og analysere data frå studiane som er inkluderte i oppsummeringa. Kunnskapsoppsummeringa resulterer ofte i eit systematisk kunnskapsoversyn, som regel ein artikkel eller ein rapport, som gir eit oversyn over temaet eller svar på forskningsspørsmålet.

<sup>2</sup> **Empirisk:** Studiar og resultat som er baserte på forsøk eller observasjonar og ikkje berre resonnering eller logikk.

Studiar om integrert lektorutdanning 8-13 blei utelate grunna eit ønske frå forskarane om å avgrense den nasjonale konteksten. Når det gjeld punkt 5, poengterer forskarane at «profesjonell utvikling» er eit omfattande fenomen. Av den grunn har dei òg vald ut studiar som bruker liknande omgrep, som «læring,» «utvikling», «profesjonell identitet» og «refleksjon.»

Totalt 84 empiriske – nasjonale og internasjonale – studiar (av desse var to doktoravhandlingar) i perioden 2005–2020 inngår i det systematiske kunnskapsoversynet.

## Resultat

Resultata av det systematiske kunnskapsoversynet viser at fem område i praksisopplæringa ser ut til å vere sentrale for den profesjonelle utviklinga til lærarstudentar: (1) sosiale og emosjonelle aspekt, (2) praksiserfaringar, (3) teori–praksis-dimensjonen, (4) rettleiing og (5) refleksjon. I tillegg syner resultata at omfanget av forskning og merksemda på praksisopplæring har endra seg i løpet av tidsperioden 2005–2020, både nasjonalt og internasjonalt. I perioden 2005–2009 verka forskingsomfanget å vere avgrensa. Talet på studiar auka merkbart i perioden 2010–2014 og heldt seg etter måten stabilt i perioden 2015–2020. Nedgangen i nasjonale studiar er derimot påfallande, ettersom internasjonale studiar har hatt ein stor oppgang.

### Sosiale og emosjonelle aspekt

Resultata viser at sosiale og emosjonelle aspekt, spesielt relasjonar, emosjonar og makt, er sentrale område i praksis for den profesjonelle utviklinga til lærarstudentar. Etablering og vedlikehald av student–elev-relasjonar er her viktig. Nære samarbeid i såkalla kritiske partnerskap, mellom medstudentar og praksislærar i støttande atmosfære og positiv støtte og aksept ved praksisskolen, er andre sentrale faktorar i denne samanhengen.

### Praksiserfaringar

Ut frå fleire av studiane i det systematiske kunnskapsoversynet kan det synast som om praksiserfaringar generelt styrkar evna lærarstudentar har til å handle og endre undervisingsmønster. Gradvis kan desse erfaringane endre merksemda til studentane – frå seg sjølv til undervisingsmetodane og elevane si læring, og gi studentane høve til å reflektere over eigen læraridentitet. Praksiserfaringar kan i tillegg bidra til stressreduksjon, eit meir realistisk bilete av korleis det er å vere lærar, auka tryggleik og medvit om eigen, profesjonell utvikling. Sjølvoppfatninga og meistringsforventinga til studentane ser ut til å auke som eit resultat av praksiserfaringar.

### Teori-praksis-dimensjonen

Tidlegare studiar viser at dersom praksisopplæringa ikkje er teoribasert, opplever studentane raskt dei teoretiske og profesjonsorienterte perspektiva som lite meningsfulle og relevante. Trass i dette viser det systematiske kunnskapsoversynet at praksisopplæringa er høgare verdsett enn teoriopplæringa og blir vurdert som den viktigaste arenaen for profesjonell utvikling blant lærarstudentar. Studentane opplever samstundes moglegheita for å integrere teori i praksisopplæringa som varierende og vanskeleg.

### Rettleiing

Rettleiingssamtaler og evaluering omfattar ifølgje fleire studiar kva ein konkret gjer i undervisinga, ikkje grunngevingar og refleksjonar som omhandlar kvifor ein gjer som ein gjer. Dette einsidige

søkelyset kan ifølgje artikkelforfattarane føre til at sjansen minkar for at lærarstudentane får utvikle seg profesjonelt.

### Refleksjon

Fleire typar tilrettelegging kan skape grobottn for refleksjon i praksisopplæringa. Kunnskapsoversynet nemner tilgang til arbeidsrom, som reint fysisk skapar eit rom der ein i ro og fred kan diskutera opplevingar. Utanlandspraksis kan ifølgje ein studie føra til refleksjon fordi refleksjonen går utover det kontekstnære handlingsrommet i her-og-nå-situasjonen. Trepartsamtaler, aksjonslæring organisert i lærarteam og kritiske partnerskap mellom studentar og praksislærer er andre tiltak som andre studiar nemner som positive faktorar for å fremje refleksjon.

### Implikasjonar

Nasjonale studiar om sosiale og emosjonelle aspekt ved praksisopplæringa viser seg å vere nærast fråverande i denne forskingsgjennomgangen. Retten studentar har til eit godt psykososialt læringsmiljø, og korleis denne retten eventuelt skal ivaretakast ved praksisskulen, er heller ikkje nemnd i dei nasjonale styringsdokumenta. Å forske vidare på sosiale og emosjonelle aspekt i praksisopplæringa i norsk grunnskulelærerutdanningskonteks kan dermed vere fruktbart med tanke på framtidig arbeid med kvalitetsutvikling av praksisopplæring i GLU, særleg sidan interessa for dette forskingsområdet aukar internasjonalt. Styringsdokumenta for GLU er òg lite informative om det konkrete innhaldet i rettleiinga under praksisopplæringa. Meir forskning som rettar merksemda mot dette området, både frå student- og praksislærarperspektivet, vil dermed gi innsikter som kan brukast i arbeidet med kvalitetsutvikling av praksisopplæringa i GLU.